



Arkivsaksnr.:  
2021/5636

Dokumentdato:  
13.05.2022

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
61/22

Møtedato:  
16.06.2022

---

## Utvida sensurfrist for hovudoppgåva i medisinstudiet

---

### Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Universitets- og høgskulelova § 3-9 \(4\) og \(7\)](#)
- [Utdanningsutvalet Sak 18/22, Utvidet sensurfrist for MEDOPPG \(7. april 2022\)](#).
- [Vedlegg Sak 18/22, søknad og studentkonsultasjon](#)
- [Forskrift om sensurfrist for mastergradsoppgaver ved UiB](#)

### Saka gjeld:

Studieavdelinga fekk 25.05.2021 ein søknad frå Det medisinske fakultetet om utvida sensurfrist for hovudoppgåva i medisinstudiet (MEDOPPG).

Universitets- og høgskulelova § 3-9 (4) gir høve for Universitetsstyret å vedta lengre sensurfristar når det er «nødvendig». Det kan gjerast når noko særskild oppstår i høve sensur av enkeltemne, i mellombels forskrift når det er sensormangel, eller som ei varig ordning i enkelte tilfelle. Dette siste gjeld for «avhandlinger og tilsvarende større skriftlige arbeider», som er det aktuelle alternativet i denne saka.

Slik utvida frist må vedtakast i form av ei forskrift, og Styret har tidlegare vedtatt forskrift om sensurfrist for mastergradsoppgåver på to månader frå innlevering. Hovudoppgåva fell utanfor denne regelen, men har ein del likskapstrekk vurdert ut frå omfang og innhald.

Hovudoppgåva er eit obligatorisk emne på medisinstudiet med omfang på 20 studiepoeng og krev anslagsvis 500 arbeidstimar per student. Studenten er under rettleiing og skal, mellom anna, vise at ho/han meistrar vitskapleg tenke- og arbeidsmetode. Det er likevel slik at særskilde krav til vurdering av masteravhandling og tilsvarende ikkje gjeld, til dømes kravet om to sensorar der minst éin er ekstern.

Det finst i dag ingen særskilde reglar for sensurfrist av desse oppgåvene, slik at hovudregelen om sensurfrist på tre veker gjeld. Det medisinske fakultetet melder om at sensorane ofte er i travle mindre bistillingar og at det er lite realistisk at denne fristen blir heldt. Fakultetet ønsker ein utvida frist på seks veker.

Søknaden blei diskutert i Utdanningsutvalet 7. april, og utvalet tilrådde Styret å innvilge søknaden. I tillegg til det ovanfor nemnde, la utvalet vekt på at utvidinga ikkje ville ha innverknad på studentane sitt høve til å søke jobb, på grunn av plasseringa av emnet i studieplanen.

### **Universitetsdirektøren sine merknader**

Universitetsdirektøren vurderer det slik at ein utvida sensurfrist er naudsynt for dette emnet, i lys av omfanget av, og innhaldet i, hovudoppgåva i medisin.

#### **Forslag til vedtak:**

1. I [forskrift 25. oktober 2007 nr. 1851](#) om sensurfrist for mastergradsoppgaver ved Universitetet i Bergen (UiB) gjøres disse endringene:
2. Forskriften endrer navn til «Forskrift om sensurfrist for mastergradsoppgaver mv. ved Universitetet i Bergen (UiB)».
3. Ny § 2 skal lyde  
«For hovedoppgave i medisinstudiet (MEDOPPG) gjelder en ytre sensurfrist på seks uker»
4. Dagens § 2 blir videreført i ny § 3.
5. Endringene gjelder straks.

Robert Rastad  
universitetsdirektør

13.05.2022/Knut Knapskog/Christen Soleim (avd.dir.)